

Nei til kutt i pressestøtta til lokalaviser

Avisene Vikebladet – Vestposten (opplag 4.313) og Møre-Nytt (5.528) går sterkt i mot forslaget om å kutte pressestøtta/produksjonstilskotet til aviser som har frå 6.000 til 4.000 i papiroplag, og som kjem ut åleine eller er nummer ein avis på utgjevarstaden.

Økonomi

Forslaget vil råke avisene sin økonomi. Pressestøtta i 2013 var på 430.000 kroner for dei to nemnde avisene, og i praksis utgjer det ei redaksjonell stilling. Både i Møre-Nytt og i Vikebladet – Vestposten er det fem redaksjonelle stillingar, inkludert redaktør. Det vil seie at eit kutt kan medverke til eit kraftig innhogg i den redaksjonelle staben.

Her eit døme frå Møre-Nytt.

År	2009	2010	2011	2012	Pr nov 2013
Driftsresultat inkl avskr. (1.000 kr)	-54	811	-163	579	-470
Produksjonstilskot	374	382	394	403	388
Driftsresultat utan produksjonstilskot	-428	429	-557	176	-858

Møre-Nytt og Vikebladet-Vestposten er i gang med omstillingar uavhengig av den situasjonen som har kome med forslaget om kutt i pressestøtta. Dette kjem grunna store marknadsendingar, der vi må vri innsatsen frå papiravis til den digitale plattformen i større grad. Eit kutt i pressestøtta vil vanskeleggjere denne omstillingsprosessen.

Det er også kjent at det vert arbeidd med likestilling av medieplattformane i spørsmålet om meirverdiavgift. Om dette vert innført, og MVA vert lagt også på aviser i abonnement og laussal som hittil har vore MVA-frie, vil dette for ei avis med rundt 5.000 i opplag medføre MVA på rundt 0,5 mill. kr. I ein sårbar periode med varig fallande avisopplag, vil innføring av MVA ikkje automatisk kunne leggast på abonnements- og laussalspris, og såleis kunne ramme verksemdene si inntektsside.

Konkurransesituasjonen

I høyringsskrivet frå Kulturdepartementet vert det vist til konkurransesituasjonen, og at dei omtalte avisene er åleine på sine utgjevarstader. Dette er ikkje korrekt. Dei omtalte avisene har endra seg frå å vere å papiravishus til å verte mediehus. Det vert gjeve ut aviser både på prent og på digitale plattformer. På den digitale plattformen er konkurransen stor. Aktørar er både lokale og regionale aviser, men også riksmidia som NRK og VG. I tillegg kjem konkurransen frå internasjonale aktørar

som Google og Facebook. På papirplattformen er det sterk konkurranse frå gratisaviser, noko som er gjeldande for Møre-Nytt og Vikebladet – Vestposten sine dekningsområde.

Lokalavisene produserer nynorsk

Mange av dei avisene det no vert foreslått kutt overfor, er nynorskaviser. Dette gjeld for Møre-Nytt og Vikebladet – Vestposten.

I ei tid der språkpåverknaden, ikkje minst frå engelsk, er svært stor, er det grunnleggjande viktig at folk får høve til å lese nynorske tekster også digitalt. Det skjer på lokalavisene sine nettportalar.

Språkpolitisk er det heilt avgjerande at det vert satsa på å sikre lokalavisene sitt driftsgrunnlag. Vi i dei nemnde avisene veit sjølvstøtte at produksjonstilskotet isolert sett ikkje vert sett på som ei språkleg støtteordning. Likevel, ordninga fungerer slik, og er dermed eit av dei rimelegaste tiltaka staten har for å sikre språkmangfaldet.


Lokalavisene i lokalsamfunnet


Lokalavisene har ein unik posisjon i lokalsamfunnet. Det er gjennom lokalavisene den lokalpolitiske debatten skjer. Det er lokalavisene som fortel om endringane i samfunnet. Det er gjennom lokalavisene sine debattspalter meiningsutvekslinga skjer, og lokalavisene er med på å sikre at eit mangfald av synspunkt vert fremja.


Lokalavisene er det når ulykka eller krisa oppstår - ikkje berre for å fortelje om sjølv hendinga, men vi er også etterpå, når riksmidia har reist, og samfunnet skal opp og stå att. Det såg vi på Nord-Vestlandet under orkanen Dagmar, og seinast under uvershelga i november. Då er lokalavisa som informasjonskanal mest uvurderleg.

Dei to mediehusa Møre-Nytt og Vikebladet – Vestposten oppmodar på det sterkaste om at ordninga med produksjonstilskot til aviser med mellom 4.000 og 6.000 i opplag vert vidareført.

Ørsta/Ulsteinvik, 9. januar, 2014.


Rune Sæbønes, redaktør Møre-Nytt


Anne Gry Ellertsen, redaktør Vikebladet – Vestposten


Heidi Myklebust, dagleg leiar Møre-Nytt og Vikebladet - Vestposten